

Taxi1 AS v/Robert Aasmul
Janaflaten 10
5179 GODVIK

E-post: ledelse@taxi1.no

Dato: 19.08.2014
Vår ref.: 2014/19798-4
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Søknad om endring av vilkår på løyve - melding om vedtak

Me viser til søknad om endring av vilkår på løyve sett fram i brev av 15.08.2014 samt tidlegare kontakt om dette.

Taxi 1 søkjer om såkalla nedklassing av 5 stk løyve (R-5002, R-5005, R-5007, R-5008 og R-5009) frå stor rullestolbil 10-17 sete til bil med inntil 9 sete som kan transportera 1 rullestol. Søknaden er grunngjeve med for dårleg inntening på dei store bilane.

Fylkesdirektør samferdsel har vurdert søknaden og fatta fylgjande

Vedtak:

Løyvehavar Taxi 1 AS får høve til å endra vilkår på drosjeløyve R-5002, R-5005, R-5007, R-5008 og R-5009. Etter dei nye vilkåra skal det registrast bil med inntil 9 sete som kan transportera 1 rullestol på dei fem løyva.

Vedtaket er fullt i samsvar med søknaden og kan ikkje påklagast.

Me gjer merksam på at løyvedokument i original må leverast samferdselsavdelinga for påføring av dei nye vilkåra.

Når det gjeld spørsmål om eit møte, foreslår me onsdag 27. august kl. 14.00.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.